

Adresse:
Ålesund sjukehus, Alderspsykiatrisk seksjon, Åsestranda, 6026 Ålesund

Telefon: Ålesund sjukehus 70 10 50 00
APS ekspedisjon 70 16 74 00
APS døgnpost 70 16 74 50

Alderspsykiatrisk seksjon (APS)

APS består av poliklinikk og døgnpost og danner ei behandlingsskjede innan alderspsykiatri. Tenestene er i hovudsak observasjon, utreiing og behandling av personar på Sunnmøre.

Hovudmålet med utreiinga er å kartlegge ressursar og problemområde og finne det rette omsorgsnivå for pasienten. Dette i samarbeid med pårørende, primærhelsetenesta og den øvrige spesialisthelsetenesta.

Hovudmålet for behandlinga er å helberede, betre og lindre psykiske og fysiske lidingar, samt avhjelpe sosiale problem og ta omsyn til pasienten sine eksistensielle behov.

APS skal og etablere samarbeidsprosjekt med kommunar med formål å styrke det faglege tenestetilbodet innan alderspsykiatrien. Eksempel på prosjekt kan være veileding både på individ- og systemnivå og kompetanseformidling som f.eks. undervisning og hospitering.

Alderspsykiatrisk seksjon (APS), Ålesund sjukehus

INFORMASJON OM ALDERSPSYKIATRISK DØGNPOST



APS sett frå sansehagen

Velkommen til APS døgnpost

APS døgnpost vart opna i april 2008. Vi kan tilby ny bygningsmasse. Lyse trivelege lokalar med 8 pasientrom. Stor fin sansehage. Bil til turbruk. Sjukehuset fasilitetar som f.eks. gymsal står til disposisjon under opphaldet.

APS døgnpost har som mål å førebygge, diagnostisere og behandle psykiske lidingar som opptrer i høg alder. Aktuelle diagnosar er demens, delirium, depresjon, angst og seint debuterande psykosar. Ved avdelinga utredar og behandlar vi desse sjukdomane. Det er viktig for oss å skape ei god atmosfære.

APS døgnpost er tverrfagleg samansett av overlege/psykiatar, assistentlege, psykolog, ergoterapeut, sosionom, vernepleiarar og sjukepleiarar. I tillegg er det eit nært samarbeid med andre yrkesgrupper/seksjonar ved Ålesund sjukehus.

Kvar pasient får sin primærsjukepleiar/-vernepleiar og eit behandlingsteam som arbeidar tett med pasienten, evt. pårørende/andre. Teamet er tverrfagleg samansatt, og koordinerast av pasienten sin primærsjukepleiar/-vernepleiar.

Praktisk informasjon

- Røyking er tillete i eit avgrensa areal i uteområdet.
- Det er ikkje lov å nytte rusmidlar under opphaldet.
- Ingan fast besøkstid, men besøkande vert oppfordra til å kome utanom måltid og helst på ettermiddag.
- Pårørende kan kontakte sjukehotellet for overnatting.
- Private klede kan vaskast i døgnposten. Klede bør merkast med namn.
- Vi ber pasientane om å ta med minst moglege pengar og verdigjenstandar. Mindre beløp kan oppbevarast etter avtale.
- Pasientar kan bruke eigen mobiltelefon eller låne telefon.
- Ytterdører er låste.

DØGNET I AVDELINGA

Kl.08:30. Frukost.

Kl.10:00. Morgonmøte.

Vi samlast i stova og går igjennom planar for dagen. Ofte syng vi og trimmar. Det vert sett opp time for individuelle behandlingssamtalar.

Kl.12:00. Lunsj.

Aktivitetar for pasientane, som ein tur ut eller andre gjeremål som pasienten måtte ynskje. Torsdag kan vi nytte gymnastikksalen og trimme.

Kl.15:30. Middag.

Etter middag samlast dei som ynskjer det til sosialt samvær.

Kl.19:30. Kveldsmat.

Kl.22:00. Nattero.

Fredag kl.13.00. Vekeslutt.

Da samlast alle ved seksjoinen til hyggeleg samvær i stova.

